



Gode erfaringar med drop-in-dåp

Stadig fleire kyrkjelydar tilbyr såkalla drop-in-dåp i tillegg til dåp i gudstenesta. Korleis skjer eigentleg drop-in-dåp? Og kva er dei beste råda desse kyrkjelydane kan gi til andre som vurderer dette?

«Drop-in» kan kanskje høyrast ut som noko lettvent samanlikna med den planlagde og tradisjonelle originalen med dåp i gudstenesta. Men ei unison tilbakemelding frå prestar med drop-in-erfaring seier det motsette:

«Ein stor og høgtideleg festdag», «sterke og fullverdige seremoniar» og «ein fantastisk dag i kyrkja for alle involverte» er berre nokre av beskrivingane av drop-in-dåpsarrangement i Lademoen, Stiklestad, Stavanger og Fredrikstad. Kyrkjelydane har hatt litt ulike variantar av drop-in-dåp, men likevel med mange fellespunkt: open kyrkje ein vanleg laurdag, god kommunikasjon på førehand, vanleg orden og kontroll på papirarbeidet, dåpssamtalar og fest og kake i stort eller lite format. Nokre gonger har kyrkja tilbydd seg å stille med både dåpskjolar og fadrar.

– Like høgtideleg og rørende kvar gong

– Vi har hatt drop-in-dåp fleire gonger. Dette er faktisk fjerde året på rad. No sist inviterte vi til dåp i Stiklestad kyrkje, ei mellomalderkyrkje som mange har eit forhold til, fortel prost i Sør-Innherad, Christine Waanders.

– Nokre dåpsfølge er små, andre større, men det blir likevel veldig intimt. Same kor mange vi er, står vi i ein ring rundt døypefonten. Det åleine skaper jo ei fin oppleving. Vi syng ein song saman, «Måne og sol» eller ein dåpssalme, og gjennomfører dåpshandlinga. Det er like høgtideleg og rørende kvar gong. Tilbakemeldingane vi får, er at folk ikkje hadde trudd at det skulle bli så fint som det blei, seier Waanders.

– Når folk kjem til kyrkja, har vi ein samtale med dei og ønskjer dei velkommen. Vi sjekkar om papira er i orden, og om dei har medlemskap i andre trussamfunn. Målet er å gjere dei trygge på presten. Etterpå inviterer vi til selskap, og enn så lenge har alle vore med på det. Då er det høgtidelege overstått, og folk slappar av og er litt meir pratsame. Det er kjempefint. Vi pleier å ha med nokon frå kyrkjelydsrådet som vertar, og det siste året har vi òg hatt ein diakoniarbeidar. Det er gull verdt, mellom anna for å ta vare på dei som eventuelt står i kø.

Kø utanfor kyrkjedøra

Lademoen kyrkjelyd i Trondheim var den første kyrkjelyden i Noreg som hadde drop-in-dåp. Det var våren 2015.

– Eg hadde vore på trusopplæringskonferansen og hadde fått høyre om erfaringane med drop-in-dåp i Sverige. Dåpstala gjekk ned, og vi ønskte at det skulle bli enklare for folk i nærområdet å ta del i dåpen, fortel sokneprest Stein Ellinggard. I tillegg ønskte vi å gjere dåpen meir tilgjengeleg for alle; ein drop-in-dåp krev ikkje nokon stor familiefest eller dyre rammer. Vi ville gjere terskelen inn til den kyrkjelege handlinga lågare. Vi var spente første gongen, men det var kø utanfor kyrkjedøra. Den første som blei døypt, var ei jente på rundt ti år, fint pynta og med tilreisande familie. Den eldste var 73 år. Ho forklarte at ho aldri var blitt døypt fordi ho «ikkje ville forstyrre kyrkja», seier Ellinggard. Lademoen har hatt mange drop-in-dåpsarrangement etter dette, og talet på framømte har gått noko ned. Likevel kjem det stadig folk, ofte frå kyrkjelydar i nærleiken.

– Dei fleste er barn, vaksne og eldre, men det hender òg at babyar blir døypte. Det er mange sterke historier. Enkelte kvir seg for å døype i ei høgmesse. Dei opplever gudstenesta som eit



utstillingsvindaug som dei ikkje ønskjer å vere i. Eg har høyrte argument mot å flytte dåpen ut av gudstenesta: Det kan bli for lettvinnt for folk. Men vi bruker den vanlege dåpsliturgien i drop-in-dåpen, og den held. Folk som kjem, tek dåpen på alvor, dei stikk ikkje berre innom. Vi i kyrkja må vere flinke til å leggje til rette for og gjennomføre drop-in-dåp på ein god måte, også med tanke på marknadsføringa, seier Ellinggard.

– Planlegg informasjonen godt

Her får han støtte frå kommunikasjonskonsulent Mia Gill Kristiansen i Fredrikstad kyrkjelege fellesråd. I Fredrikstad har dei erfaring med drop-in-dåp, og dei har satsa på å marknadsføre både drop-in-dåp og dåp generelt. Folk har fått vite om drop-in-dåpen hovudsakleg via tre kanalar: gjennom plakatar, på Facebook og i Fredrikstad Blad.

Marknadsføringsstrategien for dåpsarrangementa i Fredrikstad har elles vore grundig og omfattande, med alt frå Google- og SoMe-annonsering til samtalar på eldretreff og pressemeldingar til lokalmedia. Slik er det nesten blitt vanskeleg å unngå og møte budskapet om drop-in-dåp i månaden før arrangementet, og dei ulike kommunikasjonskanalane forsterka kvarandre.

– Det viktigaste vilkåret for vellykka kommunikasjon er alltid planlegging, konstaterer Gill Kristiansen.

Open dåpsdag som del av festival

Då Stavanger domkyrkje arrangerte «den glade dåpsdagen» og drop in-dåp for første gong i sommar, var samarbeidet med media viktig, fortel kapellan Sølvi Iren Vinnes.

– Det at media spelte på lag med oss og vi kom ut med arrangementet i pressa, var vesentleg for at folk melde seg til dåp. Men det var ikkje gjort i ei hand vending. Vi sende pressemeldingar, tok kontakt på telefon og stod på, fortel Vinnes, som arrangerte dagen saman med dialogprest Silje Trym Mathiassen.

Dåpsdagen var òg ein del av festivalen Gladmat. Det gav dei draghjelp både med artikkel på heimesidene til festivalen og sponsa dåpsfestkaker og tapas.

– Vi hadde eit todelt tilbod: I Bispekapellet hadde vi drop-in-dåp der folk ikkje måtte melde seg på førehand. Seremoniane der var rolege og høgtidelege, og vi hadde skaffa fadrar og dåpskjolar til dei som trong det. Etterpå feira vi med kaffi og kake. Her blei seks personar døypte.

– I sjølve domkyrkja blei ni barn døypte i det vi kalla «den glade dåpsdagen». Vi ønskte å gjere domkyrkja om til barnas katedral. Kyrkja var pynta til fest, vi hadde blomstrar, musikk, såpebøler, leik og barnleg stemning. Eg trur folk opplevde at kyrkja blei brukt til ei ordentleg høgtidsstund, samtidig som kyrkjerommet levde. Gladmat stilte med kake og tapas, og folk blei igjen til ein flott dåpsfest bak i kyrkja. Her blei ni barn frå tolv år og nedover døypte.

– Det blei to svært ulike dåpsseremoniar som femna både det store og det stille. Fleire formidla at dette var ei gåve dei ville gi barna sine. Dette aspektet kom tydeleg fram i dåpssamtalane òg. Somme etterlyste meir informasjon om dåp på helsestasjonar og andre stader: «Dette bør fleire få vite om!»

– Den mest meiningsfulle dagen

Kyrkja i Fredrikstad inviterte til drop-in-dåp for første gong i fjor, i Gamle Glemmen kyrkje. Då blei heile 14 personar frå 0 til 70 år døypte på ein og same laurdag.

I mars i år blei det på nytt arrangert drop-in-dåp, denne gongen i Fredrikstad domkyrkje. Dei tilsette var spente på oppmøtet. Kanskje var alle som ønskte det, blitt døypte året før?

– Fem personar hadde meldt seg på førehand, og så kom det faktisk fem til. Det blei ein fantastisk dag i kyrkja for alle som var der, fortel sokneprest i Fredrikstad domkyrkje, Jon Albert Ihlebæk.



Utsletteleg inntrykk

– Vi har fått veldig mange gode tilbakemeldingar. Fleire barn av ikkje-medlemmer blei døypte, og dei vaksne i dåpsfølget fortalde etterpå at det gjorde eit utsletteleg inntrykk å vere med på dette. Dei frivillige som hjelpte til, sa at det var den mest meiningsfulle dagen dei hadde hatt i kyrkja.

Domkyrkjekjellaren var fint pynta, og medlemmene i kyrkjelydsrådet hadde laga eit innbydande festbord. Der kunne dåpsfølga vente på tur og feire med kake og kaffi etter dåpen. I kyrkjedøra blei alle som «droppa inn» ønskte velkommen, og dei fekk hjelp med å ordne formalitetane.

– Somme trudde dei hadde gått feil. Dei tenkte at festbordet sikkert var laga for nokon andre enn dåpsfølga, smiler Ihlebæk. Vi hadde òg innreidd med døypefonten midt i kyrkja, og organisten spelte i kvar seremoni. Vi var to prestar. Den eine hadde dåpssamtale mens den andre døypte, og så bytte vi plass. Det gjekk i eitt!